



Vestnes
kommune

Til føresette

Vestnes, 08.05.20

Opning av skulane for alle elevar

Regjeringa legg opp til ei gradvis opning av skulane for alle elevar frå 11. mai. Det er ei målsetjing at alle elevar skal få delar av undervisninga si på skulen.

Skulane arbeider no med dei nye retningslinene for å kunne tilpasse opplæringstilbodet framover i tråd med dei nasjonale retningslinene. Tiltaka for å ivareta smittevernet er framleis omfattande og det krev god planlegging for å kunne etablere eit skuletilbod i tråd med retningslinene. Skulane i Vestnes vil frå **tysdag 12. mai** gradvis opne opp tilbodet for elevane på 5.-10. årssteg. Det er i tida framover for skulane naudsynt å kombinere undervisning på skulen med god heimeundervisning. Dette for å sikre eit tilbod til elevane som er i tråd med dei strenge retningslinene for smittevernet. Klassane må delast opp i mindre grupper og fordelast på fleire rom. Det gjer at det ikkje er mogleg å ha alle elevane på skulen samtidig.

Opplæringstilbodet for elevane som er på skulen må òg organiserast på ein annan måte. For å sikre at det ikkje er for mange elevar som har friminutt samtidig, må lengda på timane justerast. Aktivitetane må tilpassast og vere i tråd med retningslinene for smittevernet.

Det vil i løpet av **måndag 11. mai** kome informasjon til føresette frå den einskilde skule. Då vil alle få oversikt over organiseringa av skuletilbodet i tida som kjem.

Skuletilbodet for elevane på 1.-4. årssteg blir som no. Elevane på desse årsstega skal ha eit skuletilbod kvar dag.

SFO vil i tida framover vere open frå 08.00-16.00. Det blir framleis gitt eit tilbod i ordinær opningstid for føresette som har yrke i samfunnskritiske funksjonar.

Med venleg helsing

Paul Eidhammer
Kommunalsjef oppvekst